



Kommunane i Rogaland
v/ ordførar og rådmann

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besöksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Invitasjon, Sjumilssteget- for god oppvekst i Rogaland

Fylkesmannen inviterer med dette kommunane i Rogaland til eit felles løft for å setje barn og unge sine oppvekstvilkår på den politiske dagsordenen.

Det gjer vi gjennom *Sjumilssteget – for god oppvekst i Rogaland*. Sjumilssteget er eit felles løft for å gjennomføre FNs barnekonvensjon ute i kommunane.

Sjumilssteget er utarbeida av Fylkesmannen i Troms og utprøvd i kommunane i fylket. Hovudmålet er å hjelpe kommunane med å planlegge og kvalitetssikre gode tenester til barn og unge, mellom anna ved å konkretisere artiklane i barnekonvensjonen.

Den 27. mai gjennomførte Fylkesmannen i Rogaland inspirasjonskonferansen knytt til denne satsinga. Nesten alle kommunane var representert. Ein strålande dag!

Sjumilssteget

FN sin barnekonvensjon vart vedteken av generalforsamlinga i FN 20. november 1989 og er ratifisert av mest alle land i verda. Konvensjonen er utforma utan omsyn til korleis land eller lokale styresmakter vel å organisere tenestetilboda sine, og inneber derfor ei plikt til å tilpasse lovgjeving og praksis i samsvar med konvensjonen.

Barnekonvensjonen blei ein del av norsk lovgjeving i 2003. Dette inneber at nasjonale styresmakter må følgje dei ulike artiklane i konvensjonen. Barnekonvensjonen er dermed førande for kommunal verksemd.

Sjumilssteget – for god oppvekst i Rogaland vil hjelpe kommunane til å konkretisere artiklane i FN sin barnekonvensjon slik at dei kan brukast i planlegging og kvalitetssikring av tenestene til barn og unge.

Sjumilssteget omhandlar utvalte artiklar i barnekonvensjonen:

1. Medverknad (artikkel 12)
2. God omsorg (artikkel 18,26 og 27)
3. Særskild vern og støtte (artikkel 20 jf. 25)
4. Vern mot overgrep (artikkel 19 jf. 34 og 36)
5. Fullverdige liv (artikkel 23 jf. 2)
6. God helse (artikkel 24)
7. God utdanning (artikkel 28, 29, 30 og 31)

Bakgrunn

Barnekonvensjonen forpliktar kommunen og dei kommunale tenestene til å samarbeide om «barnets beste». Omsynet til barn og unge skal vere med som ein viktig og naturleg del av den kommunale samfunnsplanlegginga. Satsing på god oppvekst, å førebyggje problem og å sikre god helse hos barn, er viktige ansvarsområde i samfunnet.

Kommunen sitt ansvar for barn omhandlar heile barndommen, og kommunen må samordne tenestene for å sikre at barn sine rettar og behov blir ivaretekne. Dei fleste barn klarer seg godt med den omsorga dei får heime. Det er likevel mange som har behov ut over dette og som ikkje får gode nok tilbod frå enkelttenester eller tenester som er samordna, slik at det heilskaplege behovet blir dekt. Sjølv om vi generelt har blitt flinkare til å ta omsyn til barn og unge, er det framleis mange barn som opplever at dei ikkje har reell medverknad eller kan påverke forhold i lokalsamfunnet.

Satsing på gode oppvekstvilkår, å førebygge problem og å sikre god helse hjå barn, er nokre av dei viktigaste ansvarsområda til samfunnet. Derfor er det eit overordna mål for Fylkesmannen at kommunane i Rogaland skal kunne auke si evne til å sikre at barn deltek i samfunnsutviklinga og at kvart barn og kvar familie får naudsynt og tilstrekkeleg tilbod i heimkommunen.

Kommuneanalyse

Med utgangspunkt i barnekonvensjonen ønskjer Fylkesmannen å få med seg alle kommunane i Rogaland til å gjere ein innsats for god oppvekst i Rogaland. Fylkesmannen tilbyr kommuneanalysen i Sjumilssteget som eit verktøy for å kvalitetssikre at kommunen reelt ivaretek ansvaret sitt. Verktøyet er eit hjelpemiddel til analyse og utsjekking av kommunen sin evne og vilje til å arbeide for «barnets beste» i tråd med sentrale artiklar i barnekonvensjonen.

Fylkesmannen inviterer din kommune til å delta på *Sjumilssteget- for god oppvekst i Rogaland*. Dersom kommunen vel å bli med, vil det første steget vere å gjennomføre analysen av kommunen sine samla tenester for barn og unge.

Analysen av kommunen sitt tilbod tar utgangspunkt i artiklane i Sjumilssteget. Resultat av analysen skal sendast som ei *forebels statusvurdering* til Fylkesmannen *innan 01.01.2015*. **Analysen bør gjennomførast av ei tverrfagleg og tverretatleg gruppe**. Kommunen bør vurdere om ulike tenester har etablert samarbeidsorgan og rutinar som sikrar nødvendig og tilstrekkeleg samarbeid både generelt og i enkeltsaker, og analysere samarbeidet mellom tenestene.

Fylkesmannen rår til at statusvurderinga blir lagt fram for politiske organ. I dei kommunane dette blir gjort, ber Fylkesmannen om at utskrift av kommunestyret si handsaming følgjer med tilbakemeldinga som vedlegg.

Det er viktig å merke seg at Sjumilssteget ikkje pålegg kommunen nye oppgåver eller plikter. Sjumilssteget er i hovudsak meint som ei hjelp til å vurdere både omfanget av og kvaliteten på allereie eksisterande tenester til barn og unge. Med dette hjelpemidlet kan kommunen finne forbettringspunkt og kunne setje i gang tiltak der det er nødvendig.

Sjumilssteget er ikkje uttømmende for alle områda kommunen har ansvar for, men tek opp sentrale punkt som det er særleg viktig å ha merksemd på. Kommunen står sjølv fritt til å vidareutvikle analysen til å bli meir omfattande dersom det er behov for det.

Dersom kommunen din vil vere med på satsinga, ber vi om at de nemner opp ein kontaktperson, ein **sjumilsstegskoordinator**. Koordinatoren vil ha ei sentral rolle for satsinga i kommunen og vil vere vår kontaktperson i det vidare arbeidet.

Oppfølging frå Fylkesmannen

Prosjektmidlar

Fylkesmannen arbeider for å få på plass prosjektmidlar til 2015 som kommunen kan søkje på til delfinansiering av planar eller tiltak som kan knyttast til Sjumilssteget. Det kan vere aktuelt å sjå fleire allereie etablerte tilskotordningar i samanheng med dette, til dømes tilskot til arbeid for å motarbeide barnefattigdom.

Framdriftsplan

Dersom kommunen ønskjer å vere med på satsinga *Sjumilssteget - for god oppvekst i Rogaland*, ber vi om ei tilbakemelding innan **01.09.14**. Vi ønskjer også namn på koordinator.

Kommuneanalysen blir sendt ut både elektronisk og i papirform i løpet av september 2014. Vi oppmodar til å bruke den elektroniske versjonen.

I 2015 vil Fylkesmannen arrangere ein stor konferanse for kommunetilsette, politikarar og frivillige organisasjonar der vi presenterer resultat frå kommuneanalysen. Konferansen vil ha tema som handlar om arbeidet med barnekonvensjonen og presentasjon av vegen vidare i prosjektet.

Fagleg råd og rettleiing

Kommunar som har behov for det, kan kontakte Fylkesmannen for nærmare råd og rettleiing om Sjumilssteget. Dersom ein gjennom arbeidet med analysen finn vesentleg risiko og sårbare område, kan Fylkesmannen gi råd og rettleiing i arbeidet for barn og unge i kommunen.

For meir informasjon sjå: www.sjumilssteget.no

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Kontaktpersonar

Anne Helen Meling Madland, prosjektkoordinator, fmroahm@fylkesmannen.no

Inger Karin Brekke, fmroikb@fylkesmannen.no

Annette Jacobsen Mogleiv, fmroajm@fylkesmannen.no

Bjørn Steinar Berg, fmrobsb@fylkesmannen.no

Britt Gjelsvik, fmrobgj@fylkesmannen.no

Helge Haga, fmrohah@fylkesmannen.no

Hilde Folkvord Juul, fmrohfi@fylkesmannen.no

tlf 51568752

tlf 51568713

tlf 51568930

tlf 51568993

tlf 51568861

tlf 51568856

tlf 51568957

